

EL-info 15. januar 2019

# Nyheitsbrev

Ny administrerande direktør

Vinner AMS-konkurranse

Jubileumsåret 2018

Nettleigending



**Sykkylven**  
Energi

| *Gi liv til eit samfunn i utvikling*

## Ny administrerende direktør

Per Arne Edvardsen er tilsett som ny administrerende direktør i Sykkylven Energi etter at Trond Trane Lauritsen takka for seg.

Vi ønsker Per Arne velkommen til oss og takkar for tida Trond har vore her.



## Jubileumsåret 2018

Med tanke på å gi noko tilbake til bygda vår og kundane våre, har vi markert 100 år med straum på ulike måtar:

- Stor deltaking ved Sykkylvsdagane – gratiskonsert med Rune Larsen, messestand med utdeling av kake og klatrekonkurranse
- Jubileumsfest på Sykkylven Kulturhus for samarbeidspartnarar og kundar med kaffi, kaker og underholdning frå ulike bygdelag
- Delta i felles oppskyting av fyrverkeri frå Sykkylsbrua nyttårsaftan



# Nettleigeendring frå 1. mars 2019

Frå 1. mars 2019 aukar nettleiga (energileddet) med 2,5 øre pr kWh for alle kundane våre. Elavgifta til Staten vert redusert med 0,938 øre pr kWh frå 1. januar 2019. For ein kunde med 20 000 kWh i forbruk pr. år vil endringane utgjere ei auke på om lag 300 kr. pr år.

Nettleiga skal dekke selskapet sine utgifter til vedlikehald, investeringar, administrasjon, drift, renter og avdrag på gjeld, og skal påplussast offentlege avgifter. Det kostar omtrent det same å drifte nettet om det vert frakta mykje eller lite straum. Delar av nettleiga som nettselskapet krev inn, skal betalast vidare til Mørenett og Statnett, for å dekke kostnader ved å frakte straumen til Sykkylven.

Nettselskapa er pålagt å plusse offentlege avgifter på nettleiga. Dette er avgifter som meirverdiavgift, avgift til Enova og elavgift (forbruksavgift).


Nye nettleigesatsar for hushaldning og fritidsbustadar frå 1.3.2019:

Vilkår	Fastbeløp kr per år	Energiledd øre per kWh ekskl. avgift	Forbruksavgift øre per kWh	Energifondet øre per kWh	Sum energiledd øre per kWh inkl. avgift
Hushaldning og fritidsbustadar	2 618	23,775	19,788	1,25	44,813

Dersom du har elektronisk faktura (eFaktura, epostfaktura) gir vi deg kr. 125 i rabatt pr. år på fastbeløpet.

For 2019 går 35% av nettleiga til å drifte det lokale nettet, 16 % går til å drifte regional og sentralnett, og 49 % er offentlege avgifter.

## Fordeling av nettleige for Sykkylven Energi 2019



# Til alle med vassmålzar! Har du hugsa å lese av vassmålzaren din?



**SMART STRØM**

**Endelig  
slutt på måset!**  
- vi digitaliserer strømmålerne

**Bytt målar – vinn gåvekort!  
Vi har trekt ein vinnar 😊**

Før vi starta å bytte straummålarar i mai 2018 gjekk vi ut med at alle som bidrog til at vi fekk bytta flest mogleg straummålarar var med i trekninga av gåvekort.

Dei heldige vinnarane er Christin Eidem og Hans Olav Pedersen som har fått overrekt kvart sitt gåvekort på kr. 5 000. Vi gratulerer!

 **Sykkylven  
Energi**

## Treng du å snakke med oss?

Kundeservice:

**70 24 63 00**

Feilmelding:

**70 24 63 50**

Eller les meir på:

**[sykkylven-energi.no](http://sykkylven-energi.no)**